



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for januar 2011.

Årgang 46

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Vigdis Riise  
Visepres: Magnar Hatløy  
Sekretær: Odd Arne Holstad  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Oddvar Haugen  
Styremedlem: Anders Riise  
Styremedlem: Jarle Kristiansen  
Ansv.red.: Håvard Myrene  
Referent: Kirsti H. Øvrelid, Sverre  
Bjåstad

## Fødselsdagar i januar:

Svein Egil Kleppe	5. januar
Hans Gisle Holstad	7. januar
Vigdis Riise	14. januar
Anders Riise	25. januar

Frammøteprosent i jan: 74 %

---

---

## VINTER.

Det er kaldt iaften.  
Jeg kjender, du skjælver  
og klynger dig tæt til min arm. -  
Vi går under træernes stivfrosne grene,  
og alle de bittesmå kvistefingre  
bæver i blåhvite rimfløielsvanter,  
og alting sover.

Mod somren - de duftlumre sommernætter -  
længes vi begge. Mod løv og sol  
og fuglenes dæmpede fløiten i skoge. -

...Men kommer de tider, da kan det jo hænde,  
at én går så stille de gamle stier  
og bærer en svidende længsel isinde.  
Kanhænde den ensomme truer mod himlen  
og bander al sommerens gjøglende flitter.  
Går blot og pleier et bittersødt minde,  
født under rimhvite lindegrene.

---

## **Møte i Hareid Rotary 3. januar 2011**

På første rotary-møtet i 2011 var det Sverre Bjåstad som stod for programmet med eit interessant tilbakesyn. Han las og refererte frå skriftet som var laga til Hareid Rotary sitt 25-års jubileum i 1990.

Ole Seth og Peter S. Røwde var to av dei som var med å starte rotaryklubb i Hareid. Det var først ein prøveperiode på eit par år før dei hausten 1964 søkte om charter, med Ålesund Rotaryklubb som charterklubb. 1. mars 1965 fikk Hareid Rotary charter, med Erling Hareide som første formann og med eit medlemstal på 26. Ved 25-årsjubiléet i 1990 var medlemstalet 46, og 10 av charter-medlemene var framleis med.

Første åra var møta på Solstrand selskapslokale, frå 1969 vart dei flytta til Rådhuset sine selskapslokale, så vart møta i nokre år haldne på Hareid Hotell, og frå hausten 1988 har klubbhuset til Hareid IL vore fast møteplass. Hareid Rotary var tidleg ute med stipendiatar, Arne Grønnevet var den første i 1967-68, seinare har det vore fleire. Klubben var også aktiv med ulike prosjekt, det første var å plante tre og rydde ved Overåsanden. Andre prosjekt første åra var m.a. å samle inn pengar til Decca radaranlegg på ambulansébåten, til ein dødeheim på Nordstrand og til plogar i India. Det vart også på slutten av 1960-talet halde to "Berlin-leirar" for ungdomar som var tidlegare flyktningaborn frå Berlin. I 1972 fikk Hareid Rotary utmerking frå Rotary International for desse leirane.

Den populære røyra-festen vart første gong halden i 1968, då og kvart år sidan på Holesanden. I 1970 begynte ein med månadsbrev, det starta først som ei utveksling mellom klubbane. Hareid Rotary sin første Paul Harris Fellow var Guttorm Hareide, som også var var første distriktsguvernøren frå Hareid Rotary-klubb.

Det var interessant å høyre om historia, og Sverre Bjåstad var flink å finne interessante og fornøyelege episoder.

## **Møte i Hareid Rotary 10. januar 2011.**

Møtet opna med allsongen "Og jinta sa til sønnavind...", det er tydeleg at enkelte tek til å lengte til lysare og varmare tider☺

Programmet for dagen var

### **Ego-foredrag ved Dagfinn Paus.**

Dagfinn Paus vart fødd i Arendal i 1950 og flytta seinare til Kristiansand. Faren var yrkesmilitær og mora var kontorfullmektig, og Dagfinn fortalde om ei barnehagetid som var ganske annleis enn i dag. Namnet Paus kan dei spore tilbake til ein kannik i Mariakirken i Oslo, og Ole Paus er firmenning til Dagfinn sin far.

I barndommen var han aktiv på ski og skeiser, med friidrett og fotball (der han var aktiv heilt til 1989). Han var med i skulemusikken, og med ei folkemusikkinteressert mor frå Setesdalen dreiv han også med dans. Han var politisk interessert, og var i ungdomen med både i AUF og Unge Høyre.

Etter realskule og gymnas var han i det militære og var m.a. personelloffiser og tok jegerskulen. Han lurte på å gå den militære vegen, men fann at det ikkje passa for han. I staden studerte han frå 1971 til 1978 ved universiteta i Oslo og Bergen, historie og filosofiske fag.

Frå 1978 og til i dag har han vore lektor ved ulike vidaregåande skular: i Ålesund, på Austlandet, i Årdal og Stranda, og frå 1985 ved Ulstein Vidaregåande Skule.

Han er gift med Inger Johanne Teigene ( som er lærar ved Hareid Ungdomsskule) og dei har 3 born: Aleksander, Peter og Ida, som alle ser ut til å ville drive med undervisning.

Av tillitsverv nemnde han trenar for aldersbestemte lag i fotball, styremedlem i Hareid Kunstlag og hovudtillitsvald for Norsk Lektorlag i Møre og Romsdal.

Hovudinteressene er historie, politikk og filosofi, politiske prosessar og maktstrukturar, og kunst. Familien har kjøpt hus i Andalucia i Spania, og der likar dei å vere og reise rundt i området.

Til slutt i foredraget hadde Dagfinn ein del svært interessante refleksjonar kring utviklinga i læreryrket og norsk skule, der han m.a. poengterte at det er vitet vi skal leve av og at Norge si konkurransekraft er avhengig av vårt utdanningssystem.

## **Møte i Hareid Rotary 17. januar 2011.**

Møtet starta med at Johs J Hareide fortalde at klubben hadde fått eit tilskot frå Gjensidige forsikring på **kr 130 000 til ferdiggjering av 2. steg på Rotarystien**. Med det er finansieringa i hamn. Han ville kome tilbake med meir orientering seinare.

Det neste på dagens program var **opptak av 2 nye medlemmar** leia av seremonimeister Elias Sellevoll. Dei nye var:

Rakel Dyrhaug, fadder Bjørn Teigene

Jørn Gjerde, fadder Vigdis Riise

Bjørn kunne fortelje at Rakel Dyrhaug som no er næringskonsulent i Hareid kommune, hadde hatt tilsvarande jobb i Otta. Der hadde ho også vore medlem i Rotary.

Vigdis fortalde at Jørn Gjerde hadde vore sjømann i alle sine dagar. Han hadde no avslutta karrieren der, og då som kaptein. Ein av hans mange gode eigenskapar var å vere god røyrfiskar. Det vil kome godt med i klubben.



**Alf Ottar Folkestad** kåserte så om **Fuglelivet på Runde** med undertittel "Hekkesituasjonen i 2010 og i dei siste 50 åra.

Sidan 1958 har han med unntak av eitt år vore der på synfaring i hekketida.

Dei første nedskrivningane om fuglelivet finn ein frå ca 1700. Nokre tiår seinare finn ein at Hans Strøm skriv om "eit stort fuglefjell".

Alf Ottar gjekk så gjennom dei viktigaste fugleartane på Runde samstundes med at han viste bilde. Vi nemner:

*Havhest* eller *tjalk* som fiskarane kalla han. Ein albatross som kan leve inntil 80 år.

*Toppskarv*

*Havsule*. Først observert på Runde rundt 1940. Ho er den som set kvitfargen på fuglefjellet. På det meste ca 3000 familiar.

*Shetlandskråke, storjo*. I dag om lag 70 par.

*Krykkje*. Ho dominerte på 70-talet.

*Lomvi*. Mange på 70-talet. Folk har hausta egg. Vesentleg færre i dag.

*Lunde, lundefugl*. Dette er den fuglen dei fleste kjem for å sjå. Han har greidd seg bra og er lettast å sjå i mai/juni og då helst om ettermiddagen. Det er mengda av sildelarvar som bestemmer gode og dårlege år for lunden.

*Vandrefalk*. Han jaktar på andre fuglar i område.

*Havørn*. Ho jaktar mest på skadde/daude fuglar i fuglekolonien. Om lag 20 fuglar i dag. I 2010 var det første året på lenge at havørna klekte ungar på Runde.

Alf Ottar Folkestad konkluderte at det var *havsula, storjoen og lunden* som hadde greidd seg best på Runde dei siste åra.

## **Møte i Hareid Rotary 24. januar 2011.**

Etter opningsongen denne dagen las president Vigdis Riise ein mail frå Arne Lillebø som for tida er i Hanoi i Vietnam, der han fortalde mykje interessant om landet.

Hovudprogrampost denne dagen var

### **Informasjon frå rådmannen i Hareid, Bernt Arild Grytten.**

Han starta med å fortelje litt om seg sjølv og kvifor han vart rådmann. Han er utdanna ingeniør, og første jobben hadde han på Liaaen Propeller AS der han begynte i 1985. Liaaen Propeller vart seld til Ulsteingruppen, og han fortsette å jobbe i selskapet som då vart heitande Liaaen Engineering AS. Det var vanskelege tider i bransjen, og då han fekk permisjonsvarsel for 3. gong, søkte han seg over til Ulstein Nor AS på Hareid. Han opplevde at det var store kulturskilnader i dei to bedriftene, han kom frå ein svært formell organisasjon over i ein svært uformell. Etter vel 3 år ved Ulstein Nor starta han for seg sjølv som teknisk konsulent. Dette dreiv han med i 6 år, og var då innom mange ulike bedrifter.

I 1999 ønskte han å utvikle seg vidare, tok først ei utdanning innan Administrasjon og leiing på deltid, og deretter Offentleg leiing ved Høgskulen i Volda. Etter det vart han tilsett som prosjektleiar for utvikling og prøvedrift av det kommunale hamnevesenet i Bremanger kommune, noko han opplevde som ei svært interessant tid. Han vart så rådmann i Lærdal. Han fann seg ikkje til rette i den stillinga, var der i 13 månader, og begynte i 2010 som rådmann i Hareid kommune.

Grytten gikk så over til å snakke om rådmannsjobben, kva den går ut på og kva som er utfordringane. Rådmannen er øvste leiar for den samla kommunale administrasjonen. Han skal ikkje utøve politikk, men skal vere ei aktiv kraft i å utvikle tenester, organisasjon og samfunn. Det overordna målet er samfunnsutvikling: å legge tilhøva til rette for utvikling på ulike område som næring, kultur, arealdisponering etc., i tråd med kommunen si interesse og vedtekne planar.

Hareid kommune er organisert med flat struktur der det meste av tenesteproduksjonen skjer innanfor sjølvstendige område. Utfordringa med dette er å tenkje heilskap.

Hovudutfordringane i Hareid er den kommunale økonomien (inntekt/gjeld) og samfunnsutvikling. Inntektene kjem frå frie inntekter (rametilskot og skatt), øymerka tilskot, finansinntekter, eigedomsskatt og kraftinntekter. Hareid har forholdsvis lave frie inntekter, ikkje eigedomsskatt og ikkje andre kraftinntekter enn utbyte frå Tussa-aksjane. Hareid har også høgare gjeld enn landsgjennomsnittet.

Kven har makt i ein kommune? I følgje Kommunelova er det kommunestyret som har makta, men mykje er styrt sentralt og ein god del er delegert til administrasjonen. Det er stor kompleksitet i lovverket og den administrative organiseringa. Langsiktig og heilskapleg utvikling er viktig. På kort og mellomlang sikt driv den kommunale administrasjonen med operasjonalisering av vedtak, på lang sikt er det viktig å sjå kvar vi vil gå, skape handling ut frå det, og evaluere og gi tilbakemelding.

Grytten viste til ein institusjonell planleggingsmodell som viser at ein startar med strategisk planlegging, derifrå til taktisk planlegging og vidare til operativ planlegging, med evaluering og tilbakemelding undervegs.

Når utfordringar skal løysast, må ein ha fokus på produktivitet og nytteverdi innanfor samfunnsutviklinga og den kommunale økonomien. Kommunen er avhengig av samspel med det lokale næringslivet og lag/organisasjonar. Det er viktig med ein variert arbeidsmarknad, og med gode tilbod innanfor heile kultursektoren. Kommunen skal stimulere og legge til rette, men privat initiativ er svært viktig. Samfunnsutvikling er ei felles oppgåve der ulike aktørar har ulike oppgåver og utfyller kvarandre.

## **Møte i Hareid Rotary 31. januar 2011**

Dette var siste mandagen i månaden, og Liv hadde laga gode vaflar som som gjorde at drøsen kring borda gikk livleg.